

RAPPORT

Lomen stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap..



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningshistorie	4
Ombygging- og restaureringshistorie	5
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	6
Stabiliteten til kyrkja	6
Fukt og skade i stav	7
Bislaget	8
Våpenhus og portal	9
Skifertak og takrenner	10
Støpulen	10
Muren under kyrkja	12
Kyrkjekunsten	13
Arkeologiske funn	13
Andre tiltak	13
Samandrag	14
Litteratur og kjelder	15
Fotnotar	15

Lomen stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Lomen stavkyrkje: Kyrkja etter fullført istandsettingsarbeid. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

Lomen stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Lomen stavkyrkje ligg i Vestre Slidre kommune i Oppland. Interiøret er spartansk, men romopplevinga er likevel eineståande. Lomen stavkyrkje ligg vakkert til i eit gammalt kulturlandskap. Veggen fram mot kyrkja går gjennom eit gardstun med eldre bygningar, opp ei gate gjennom innmarka og over den nedlagde kyrkjegarden med gamle gravminne. Kyrkja gjev ei

eineståande romoppleving, mellom anna fordi det er sett inn galleri der det tidlegare var ytterveggar. Skip og kor har heva midtrom, med berande frittståande stavar i skipet og tre portalar og annan skurd som har mykje til felles med portalane i Høre og Borgund. Lomen stavkyrkje er nemnd i skriftlege kjelder fyrste gong i 1327, men ho er eldre enn dette. Årringsanalysar viser at det vart hogd tømmer til kyrkja etter 1192. Kyrkja gjekk gjennom ei stor utviding i 1749, men delar av det opphavlege koret er bevart over himlinga. Kyrkja har eit fint alderspreg som er viktig å

ta vare på og restaureringa var difor svært varsam.¹

OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

Kyrkja har med tida vore gjennom fleire restaureringar og pregast av materialgjenbruk, slitasjespor, tilpassa vassbord og uregelmessig lagd skiferstein. I 1749 vart det gjort omfattande arbeid ved kyrkja som leidde til kyrkja si noverande utsjånad. Svalgangen vart rive, ytterveggane flytta ut og takfallet utvida til ytterveggane, og koret vart utvida i både breidda og lengda. Ingen tidligare utgravingar er gjort under kyrkja, men det kjem fram

i skriftlege kjelder at istandsetting to gongar på 1600-talet og ein gong på 1800-talet innebar ei form for jekking av kyrkja.² I 1909 vart kyrkja oppmåla av R. Utne og 1980-90-tallet av J. Jensenius.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Stabiliteten til kyrkja vert stadig utfordra av det bratte, hellande terrenget ved kyrkja som i tillegg til kraftig helling har ein leirhaldig grunn. Kulturmarka på oversida av kyrkja medfører tilsig mot konstruksjonen og gode veksthøve for ugras ved den nordlege grunnmuren. Dette har leidd til setningar i grunnmuren og at botnsvillen nesten ligg på bakken på nordsida. Lausmassar under kyrkja som har bevega seg mot sør belastar dermed murlivet i sør. Taket heng mot sør og vert helde oppe av midtromsstavane. Det er inga overføring av bering til muren, og svilla ligg kun på hjørna. Grunnmuren til koret har lause steinar, delar av muren har rast inn og det søraustre hjørnet er tydeleg prega av sig.³ Dei rikt dekorerte portalane står vêrutsett til framfor våpenhuset og bislaget ved koret. Skurden er sterkt slitt av sol, vind og regn. Botnsvilla i sørveggen til skipet held fram austover som botnsvill i bislaget. Bislaget heng ned og ut frå koret med store røteskader i dei nedste bygningselementa.⁴ Kyrkjegardsmuren ligg heilt inntil støpulen. Dette har ført til røte i nedre del av konstruksjonen. Støpulen heng



Røteskade: Ein av stökkane frå støpulen. Foto: Hans Marumrud, Riksantikvarens arkiv.

igjen på stolpane då botnsvillane i konstruksjonen er røteskadd. Både kyrkja og støpulen hadde mosebelagt skifertak med mykje forvitra og øydelagd stein. Kyrkja ligg i bakkehellinga og ho har opp gjennom åra sigi ned. Ho har vorte jekka opp fleire gonger på 1600- og 1800-talet og i 2004 måtte det igjen til med

jekkearbeid i søre langvegg for å stabilisere konstruksjonen. Jord hadde og kome opp langs sidene av grunnstokkar, svillar og nedre deler av stavane under kyrkja. Jorda vart fjerna under arkeologisk overvaking. Taket, vindauga er vøla og arbeid med kyrkjegardsmuren held fram. Støpulen frå 1771 hadde fått



Jekking: Søndre langvegg vert lyft. Foto: Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv.

fleire råteskadar. Det er skifta og spunsa råteskadde stokkar og skifertekkinga er utbeta. Støpulen er bygd i gran, og stavkyrkja er bygd av moden furu.

VEDTAKSPROESS OG TILTAK

STABILITETEN TIL KYRKJA

Ved synfaring ved kyrkja vart det påvist store belastningar på sørveggen i koret og ved galleriet i skipet. Dei nyare sperrene frå utvidinga av kyrkja hadde sige ned slik at det hadde vorte ei forskyving i takflata. Golvet inne i sydsida til skipet halla nedover frå dei gamle

yttersvillane og ut mot dei nye yttersvillane. Ytterveggen på sydsida hang på botnbjelken til galleriet slik at denne var bøygd ned. Samstundes var det og ein knekk på taket ved samanføyinga mellom nyare og originale sperrer. Orsaka til dette var at grunnen på sydsida hadde sett seg og at muren dermed hadde sige ned på midten og delvis ved bislaget. Konsekvensen av dette var at takflata var i ferd med å gli frå kvarandre ved samanføyinga mellom det originale og det nyare taket som og leidde til ein knekk på takflata på dette punktet.

Golvet inne var skeivt, då særskilt midt på sydveggen og galleriet hadde ein knekk ved den originale hjørnestaven, då galleriet hang igjen i staven, medan ytterveggen kvilte på galleriet og drog dette med seg ned. Samstundes hadde ikkje sydvestre hjørnestav noko understønad.

Det vart difor vedteke å jekke opp søndre langvegg 5-10 cm, hovudsakleg på midten av veggen, for så å legg opp muren under på nytt. Den sydlege og austre muren til koret, ein enkeltvanga utfyllingsmur mellom haldsteinar, vart såleis demontert. Arbeida vart meir

omfattande enn fyrst anteke då sydveggen vart flytt lenger enn venta, og murverket naturleg måtte rette seg etter plasseringa til botnsvillen. Det vart difor vanskeleg å utnytte grunnsteinane i like stor grad. Ny stein til muren vart henta frå eit steinbrot på Ulven i Vestre Slidre.

For å unngå uheldig punktbelastning på muren vart det utført noko suppleringssteinfylling bak murlivet. Det vart samstundes fjerna treflis og masse som hadde samla seg rundt dei nedre delane av stavverket, rundt hjørnestavane i tillegg til svillar og grunnstokkar, særskilt nord i skipet. Det vart gjort 71 funn under fjerninga av lausmasse. Mellom anna vart det funne etter-reformatoriske gjenstandar. Desse vart overlevert til kyrkjelyden.⁵ Utover dette fekk nordaustre hjørnestav ny understønad.⁶

I samband med arbeidet med å rette opp og stabilisere kyrkja vart det utført arbeid på taket til kyrkja.

FUKT OG SKADE I STAV

Det vart påvist ekte hussopp i nordvestre hjørnestav i skipet. Samstundes vart det teke prøver av nordre svill, der ein ikkje påviste ekte hussopp. Analysane vart utført av Mycoteam. Røteskadd material i botnen av staven vart hogd vekk og eit nytt emne vart tilpassa den nedre delen av staven. Det vart ikkje hogd eit stort område utanfor det røteskadd materialet slik det i utgangspunktet vert tilråda ved ekte hussopp.



Bislag: Utbetring av muren under bislaget. Foto: Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv.

Staden vart merkt som eit viktig punkt å undersøke med jamne mellomrom. Mysel, eit kvitt stoff, på resterande flater viser at det var aktivitet. For å hindre vidare aktivitet vart det gjennomført eit ekstra tiltak. Soppen døyr ved 40 grader celsius. Området vart difor varma opp ved hjelp av

byggørkar. Byggørkaren vart plassert utanfor kyrkja på grunn av brannfare. Varmen vart leia inn mot staven, og staden der soppen var måtte byggast inn slik at ein kunne oppnå tilstrekkeleg varme. Staven, med svill, vart deretter utsett for varme i 16 timar.⁷

Det er i periodar særst fuktig på kyrkjegarden, og ei utbetring av

dreneringsforholda ved nordsida av bygget var naudsynt, difor vart fleire moglege løysingar diskutert⁸:

* Lukka drenering eller ope grøft på oversida av kyrkjegarden

* Terrengforandring ovanfor kyrkja innanfor

kyrkegardsmuren for å leie vatn ut frå kyrkja

* Drenering i bakken langs nordsida av kyrkja

* Grøft ved kyrkja frå nordvestre ende og vestover

Det vart vedteke å grave ei dreneringsgrøft om lag 1.5 meter nord for nordre kyrkjegardsmur. Dette vart utført med arkeologar frå NIKU og Riksantikvaren til stades.⁹

BISLAGET

Bislaget på sydsida av kyrkja hadde sige ut på liknande vis som resten av sydsida av skipet til kyrkja. Bislaget hadde såleis vorte skeivt og losna frå koret, då dette ikkje har sige på same måte som resten av sydsida. I tillegg hadde bislaget røteskader i både golvbord og svill.

Situasjonen rundt portalen og bislaget på sørsida av kyrkja var ei vanskeleg avveging av kva prinsipp ein skulle fylgje. Det var fleire moglege løysingar som vart diskutert. Den endelege avgjerdsla var å etablere eit nytt tilbygg framfor portalen. Det nye tilbygget vart teikna av arkitekt Nils Friis. Tanken bak utforminga var å repetere eit alt eksisterande bygningselement som ikkje skil seg ut frå kyrkja si heilheit, samstundes som tilbygget skulle vere eit reversibelt tiltak, som enkelt kan demonterast.



Våpenhus: Tjæring av portalen. Foto: Ellen M. Devold, Riksantikvarens arkiv.

Vidare vart store delar av taket på bislaget demonert. Skiferen på taket vart merkt, oversiktsfotografert, teke ned og detaljfotografert. Det uregelmessige skifertaket er en viktig del av karakteren til kyrkja, og det var difor viktig å leggje steinen tilbake der den låg før utbetringane vart

gjennomført. Trappa opp til bislaget vart trinnvis nummerert og demontert. Samstundes vart utfyllingsmuren også demontert og flytt etter bislaget.



Skifertekking: Utbetring og montering av skifer. Foto: Hans Marumsrud, Riksantikvarens arkiv.

VÅPENHUS OG PORTAL

Våpenhuset hadde sige ned og dermed ut frå skipet. Både golvet inne i våpenhuset og steintrappa hadde sige ut av stilling.

Samstundes var ytterbjelken under ytterportalen røteskadd, trass i at det ikkje er lenge sidan denne vart skift. Orsaka til dette er at det legg seg fukt som sprutar opp frå steintrappa ved takavrenning og at det var nytta dårleg virke.¹⁰

I tillegg til at det var gliper mellom veggane i skipet og veggane i våpenhuset som kunne leie vatn til portalen inne i våpenhuset, var den ytre portalen skeiv og pressa i samanføyinga mellom midtfeltet

og sidene av portalen. Det var difor naudsynt å rette opp våpenhuset og etablere nye fundament for å utbetre tilhøva til dei to portalane i våpenhuset. Skifertaket og golvet vart demontert, samstundes som muren vart teke ned, før våpenhuset vart jekka på plass. På sydsida vart det gjeikka om lag 8 centimeter og deretter vart våpenhuset retta opp slik at det stod mest mogleg inn til skipet, samstundes som ytterportalen ikkje lenger stod i press. For at våpenhuset skulle stå godt inntil skipet vart det kila mellom stolpar og skråspenn i veggen. Det vart laga ein ny bjelke i malma furuvirke under ytterportalen. Denne vart laga

etter modell frå den gamle og fest med klypt spikar.¹¹ Ein etablerte nye fundament for golvbjelkane og fekk dermed retta opp golvet. Deretter vart det mura opp på nytt under svillane.

For portalen ved våpenhuset vart det fremja forslag om å setje opp ei toblada dør framfor portalen som vern mot vidare slitasje. Dette vart ikkje gjennomført. Det er nedste del av portalen som er mest forvitra. Basane er delvis borte og det kan argumenterast for at det har lite påverking for opplevinga av portalen om ytterlegare noko vert borte her. Samstundes kan ytterlegare skade på nedre del leie til skader på delane høgare



Ny stokk: Utbetring av botnsvillar i støpulen. Foto: Hans Marumsrud, Riksantikvarens arkiv.

opp på portalen. I staden for ei toblada dør vart det difor vedteke at portalen heller skal tjærebreiaast fleire gongar over tid.¹² For å verne portalen og unngå slagvatn opp frå trappa vart det laga takrenne over portalen. Opphengsknektane vart forma etter modell frå eksisterande takrenner. Knektane vart laga av malma furuvirke og takrennene av langstrakt, seinvokse gran. Takrenna har hogge inn v-spor og strekkjer seg ein meter utanfor taket for å leie vatnet bort frå bygget. Alt arbeid vart utført med tradisjonelle handverksmetodar.¹³

SKIFERTAK OG TAKRENNER

Grunna setningane i kyrkja og eit ustabil underlag var mykje av steinen på taket til kyrkja øydelagd, og det var naudsynt å supplere med ny skifer. Der ein var nøydde til å erstatte stein vart det lagt vekt på å nytte stein som var lik den som tidlegare hadde ligge der. Ved undersøking av taket vart det påvist mykje fiolett stein som er av dårleg kvalitet. Denne vart òg skift. Manglande og defekte vassbord vart også skifta. Vassbord vart laga av malma fure og skore på mobil bandsag.¹⁴ Kyrkja fekk også nye takrenner av tettvokse gran.

Takrennene vart behandla med eitt lag tjære ved montering og var utforma med dryppnase, slik at vatnet ikkje skulle renne tilbake på undersida av takrenna.¹⁵

STØPULEN

Ved synfaring vart det påvist røteskader i nokre av botnstokkane i støpulen. Mellom anna var laftehovud på vestre botnstokk røteskadd i nordenden i tillegg laftehovudet på den andre stokken. Det vart funne røteskader i tre stokkar i andre høgda på nordsida av støpulen. Utover dette var det



Spunsing: Utbetring av stokkar i støpulen. Foto: Hans Marumsrud, Riksantikvarens arkiv.

røteskader i takflatene medan vindskiborda var i dårleg stand. Det er fleire orsakar til skadane på støpulen. Dårlig skifer på takflatene og vegetasjon tett opp mot trevirket har leidd til fuktskader. Konsekvensen av dette har mellom anna vore at det røteskadde treverket vert trykt saman slik at støpulen har sige saman i dei hjørna som er råka av fuktskadar.

Jord som låg høgt opp mot bygningen vart fjerna frå nordveggen og under golvet på støpulen. Den midtre gulvåsen måtte spunsast på nordsida. Det vart valt ei løysning med to trepluggar i festa. Det nye laftehovudet vart hogd som det gamle hadde vore.¹⁶ Vidare vart syddenden av svillstokken mot

aust samt nordenden av svillstokken på vestsida spunsa, medan den røteskadde svillstokken på nordsida vart skifta ut i si heilheilt. Her vart det nytta ein granstokk av god saktevokse kvalitet.

For å spunse røteskadd virke i den øvre delen av støpulen ville det vere naudsynt å jekke opp støpulen. Det vart difor valt å berre spunse dei delane som kunne utbetrast utan å jekke. Skadd panel i eksteriøret vart skifta for å forhindre vasstiltgang som kan skade laftet ytterligare. Mange av dei ståande kledningsborda var dårlege og måtte skiftast. Her vart det spunsa på baksida der dette var naudsynt.

Støpulen er bygd i gran og ikkje furu som fyrst antatt. Material som var planlagt å nytte var difor ikkje aktuelle, og det var naudsynt å få tak i nytt materiale. Det nye materialet fekk ein frå fleire gardar i Valdres og Begnadalen. Skifertaket på støpulen vart skrapa reint for mose og manglande samt øydelagd skifer vart supplert. All skifer vart lagt tilbake på same plass som den låg før demontering. Den ståande taktroa vart sett over og ein kunne konstatere at dette var bord som var nytta om og hadde vasspor i underliggar. Det var noko røteskade i taktroa og det vart difor skore nokre nye tro på ei bandsag. Dei nye troa var av same kvalitet som dei gamle og



Hakkespetthol: Spunsing av hol etter hakkespett. Foto: Terje Tvenge, Riksantikvarens arkiv.

var tekne ut av stokken på same vis som dei gamle var. Det vart bytt mange bord i takflata. Taktroa vart lagd som over og underliggar, med begge flatene tette imellom borda. I tillegg er bordet som ligg langsmed ytterkant av troa, som anlegg for nedste steinrekka, skifta ut i heile lengda. Under taktroa i nedre kant ligg det eit bord i heile lengda som troborda er spikra i. Dette var røteskadd på midten og vart lagt nytt på midten. Dei gamle skråstøttene vart sett på plass etter at arbeidet var fullført og det vart montert nye vindskier mot aust og nord.¹⁷

MUR UNDER KYRKJA

Muren under kyrkja vart sett i stand i 2004. Utover arbeidet med muren i sydveggen i samband med jekkearbeida vart det gjennomført ei rekke tiltak. Ved koret vart det bygd ny pillar for det sydaustre hjørne, med fundament i grunnstein funne 35 centimeter under dagens terrengnivå. Sydveggen og austveggen under koret vart demontert og ein del materiale skift ut før veggane vart mura på nytt. Muren under bislaget vart som nemnt utbetra. I samband med dette vart trappa opp til bislaget demontert, utbetra og mura opp på nytt. Vidare vart det bygd ny mur under vestveggen til skipet,

nord for våpenhuset. Her fekk opphavleg grunnstein behalde si plassering, men noko av grunnsteinen måtte hoggast til. Som nemnt tidlegare vart muren under våpenhuset utbetra. Murane under kyrkja ber preg av å ha vorte forandra mykje gjennom tidene. Dette er truleg eit resultat av eit stort behov for vedlikehald, noko som igjen skuldast kraftige endringar i beresystemet til bygget og ei grunnsetting med varierende forhold og stor fuktbelastning. Desse forholda gjorde murarbeida ved kyrkja krevjande.¹⁸ I 2004 vart det gjennomført ei tilstandsvurdering av kyrkjegardsmurane ved Lomen stavkyrkje. Med utgangspunkt i



Tjæring: Tjæring av kyrkja med portalen til våpenhuset. Foto: NIKU, Riksantikvarens arkiv.

dei vurderingar som vart gjort og tilstanden til murane vart det i 2005 gjennomført eit større arbeid på murane rundt kyrkja.¹⁹

KYRKJEKUNSTEN

Kyrkjekunsten i kyrkja vart tilstandsregistrert og funne i god stand. Eit lerretsmåleri frå nordveggen til koret, med motiv henta frå pinseunderet, vart henta inn til NIKU sitt atelier i Oslo. Der vart det behandla i løpet av hausten 2007.

ARKEOLOGISKE FUNN

Under arbeidet fann ein tekstilar, nåler, trebitar og ringar. Ein av ringane er klypt av og er nok

nytta som betalingsmiddel. Ein brakteat - ein mynt som er prega på ei side, vart funne på austsida av austre grunnstokk i skipet. Dei eldste myntane av denne typen er frå 1100-talet. Til saman ble det funne 71 gjenstandar, og desse er no levert til Oldsakssamlinga.

ANDRE TILTAK

Det vart påvist om lag 55 hakkespetthol i ytterkledinga på kyrkja. Då dette er skjemmande for fasaden på bygget og for å hindre bygging av reir i hola, vart desse spunsa med malmfuru og breidde med tjære. Vindauga i kyrkja vart vøla.



Kyrkja med støpul: Stavkyrkja etter istandsetting. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

SAMANDRAG

Lomen stavkyrkje er datert til slutten av 1100-talet og vart utvida til dagens utsjånad i 1749. Kyrkja ligg i ei bakkehelling og hadde sige, noko som hadde leidd til ei destabilisering av kyrkja. Dette har også skjedd tidlegare i historia då kyrkja vart retta opp både på 1600- og 1800-talet. Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart den søndre langveggen til kyrkja jekka, og i samband med dette vart ein stav spunsa, fleire fundament forbetra og dei tørrmura grunnmurane sett i stand. Det vart fjerna mykje lausmassar under kyrkja, eit arbeid som vart overvaka av arkeolog. Under kyrkjegolvet vart det funne hussopp i ein av

stavane, og denne vart sanert. Skifertak og vindauger vart gått over og sett i stand. På støpulen, frå 1771, vart røteskadd tømmer skift, eller spunsa, og skifertekkinga utbetra. På kyrkjegarden vart det felt eit stort tre som stod rett ved inngangen til våpenhuset, og dei tørrmura kyrkjegardsmurane vart reparert. Arbeida ved kyrkja vart gjennomført frå 2004 til 2007. Kyrkjekunsten vart tilstandsvurdert og eit lerretsmåleri frå 1600-talet vart restaurert.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Devold, Ellen. *Lomen stavkirke rapport* 26.08.2004.

Devold, Ellen. *Lomen stavkirke rapport* 16.09.2004.

Devold, Ellen. *Soppbehandling Lomen stavkyrkje* 18.10.2004.

Devold, Ellen. *Lomen stavkirke rapport* 06.04.2005.

Devold, Ellen. *Lomen stavkirke rapport* 25.08.2005.

Marthinsen, Espen.

Befaringsrapport 24.09.2002.

Marthinsen, Espen.

Tilstandsvurdering og anbefalte tiltak, Kirkegårdsmur v/ Lomen stavkirke, 2004.

Marthinsen, Espen. *Statusrapport for murarbeider på Lomen stavkirke 21/9 2004*, 2004.

Marthinsen, Espen. *Møtereferat Lomen kirkegårdsmur* 26.04.2005, 2005

Marumsrud, Hans. *Arbeidsrapport for klokkestøpul*, 2004

Marumsrud, Hans. *Oppjekking av sydvegg i skip og samanjekking av takflate med nedglidne sperrer*, 2004

Marumsrud, Hans. *Oppretting av gulv i kor i Lomen stavkirke*, 2004

Marumsrud, Hans. *Oppretting av bislag*, 2004

Marumsrud, Hans. *Takrenner på nordvegg av skip og kor i Lomen stavkirke*, 2004.

Marumsrud, Hans. *Kontroll av fuktighet under gulv ved sviller og staver på skipets nordside*, 2004.

Marumsrud, Hans.

Arbeidsrapport fra arbeid på våpenhus i Lomen stavkirke, 2005.

Marumsrud, Hans. *Tillegg til rapport: Kontroll av fuktighet under gulv ved sviller og staver på skipets nordside*, 2005.

Marumsrud, Hans. *Nytt tak over gamal portal på bislag*, 2005.

Mattsson, Johan. *Lomen stavkirke - vurdering av fuktforhold og etablerte*

skader av muggsopp, råtesopp og treskadeinsekter, 2005.

Mattsson, Johan. *Mycoteam Lomen rapport*, 2005.

Rolén, Tage. *Lomen stavkirke - oppsummering av fuktlogging fra mai 2005 - april 2006*, 2006

Stein, Mille. *NIKU rapport 38/2007, Stavkirker, Reinli, Hegge, Lomen, Torpo. Behandling av inventarstykker*, 2007

Storsletten, Ola. *Lomen stavkirke - Vestre Slidre kommune. Fjerning av løsmasse rundt de nedre deler av stavverket i skipet. Rapport*, 2004.

Trøen, Stienar og Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport, Takarbeider Lomen Stavkyrkje*, 2005.

Tvenge, Terje. *Rapport på skifertak Lomen Stavkyrkje*, 2004.

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

¹ Leif Anker, *De Norske Stavkirkene* (Oslo: AFRO, 2005), 260.

² Ibid.

³ Espen Martinsen, *Befaringsrapport* 24.09.02

⁴ Ellen Devold, *Lomen stavkirke rapport* 26.8.2004. Riksantikvarens arkiv

⁵ Ola Storsletten, *Rapport Lomen stavkirke-Vestre Slidre kommune*, 21.10.2004, RA arkiv.

⁶ Hans Marumsrud, *Kontroll av fuktighet under gulv ved sviller og staver på skipets nordside*, 12.09.2004, RA arkiv.

⁷ Ellen Devold, *Soppbehandling Lomen stavkirke, Tiltak*, 18.10.2004, RA arkiv

⁸ Ellen Devold, *Lomen Stavkyrkje-Stavkirkeprogrammet*, Rapport, 6.4.2005, RA arkiv.

⁹ Ellen Devold, *Lomen Stavkyrkje-Stavkirkeprogrammet*, Rapport, 25.8.2005, RA arkiv.

¹⁰ Hans Marumsrud, *Arbeidsrapport fra arbeid på våpenhus i Lomen stavkirke 2005*, Riksantikvarens arkiv.

¹¹ Ibid.

¹² Ellen Devold, *Beskyttelse av portalene på Lomen stavkirke*, RA arkiv.

¹³ Hans Marumsrud, *Arbeidsrapport fra arbeid på våpenhus i Lomen stavkirke 2005*, Riksantikvarens arkiv.

¹⁴ Ibid.

¹⁵ Steinar Trøen og Terje Tvenge, *Arbeidsrapport Takarbider Lomen Stavkyrkje 2005*, RA arkiv.

¹⁶ Ellen Devold, *Lomen stavkirke rapport* 16.9.2004. RA arkiv

¹⁷ Steinar Trøen og Terje Tvenge, *Arbeidsrapport Takarbider Lomen Stavkyrkje 2005*, RA arkiv.

¹⁸ Marthinsen, Espen. *Statusrapport for murarbeider på Lomen stavkirke 21/9 2004*, 2004.

¹⁹ Marthinsen, Espen. *Møtereferat Lomen kirkegårdsmur* 26.04.2005, 2005

